



ÅRSMELDING
OG REKNESKAP
2024



Foto: Jon Hønnålvatn Tøn



Foto: Sverre Hjørnevik

INNHALD

STYRET SI ÅRSMELDING	4
KONSERN- OG SELSKAPSREKNESKAP	9
BALANSE	10
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	12
NOTAR	13
DIGITALESIGNATURAR	24
REVISJONSMELDING	26
REKNESKAPSTAL DOTTERSELSKAP	29
VERDIREKNESKAP	30
TAL FRÅ VERKSEMDA	31

STYRE

Atle Neteland	Styreleiar	
Björg Djukastein	Nestleiar	
Unn Fauskanger	Styremedlem	
Thomas Hårklau	Styremedlem	
Morten Helgaset	Styremedlem	Valt av og mellom dei tilsette
Dag Arild Jensen	Styremedlem	Valt av og mellom dei tilsette

Varamedlemer:

1. Knut Olav Nestås
2. Hilde Lussand Selheim

Varamedlemer valt av og mellom dei tilsette:

1. Marita Garen
2. Rune Rønhovde
3. Håkon Bø
4. Anna Hjelmvoll

REVISJON

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013, Postterminalen
5892 Bergen

KONSERNLEIING 2024

Rune Nesheim	Adm. direktør
Jarle Lund	Økonomi
Per Berge	Marknad
Yngve Tranøy	Fornybar
John Magne Herre	Elnett
Johannes Rongve	Breiband/fibernet
Katharina Månum	Bioenergi

VOSS ENERGI KONSERN – STYRET SI ÅRSMELDING 2024

Konsernet Voss Energi

Voss Energi AS er eigd av Voss herad og vert drive frå Voss. Drifta omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft og varme, samt levering av fiber- og breibandtenester. Konsernet Voss Energi omfattar morselskapet Voss Energi AS og dotterselskapa Tendranett AS, Voss Energi Kraft AS, Voss Energi Produksjon AS, Voss Fiber AS og Hordaland Bioenergi AS. Alle dotterselskapa er 100% eigd av morselskapet Voss Energi AS, og alle selskapa er lokaliserte i og vert drivne frå Voss.

Økonomi morselskap

Rekneskapen for 2024 er gjort opp med eit årsresultat etter skatt på kr 5.899.265. Resultatet før skatt er kr 7.549.328, medan driftsresultatet er kr 371.543. Totalkapitalen i morselskapet ved utgangen av året er kr 582.518.339. Eigenkapitalen er kr 176.287.444 som gir ein eigenkapitalandel på 30,3 %. Likviditeten i selskapet er kr 217.758, og likviditetsgrad 1 er 2,66.

Selskapet sine driftsinntekter kjem frå konserninterne tenester; administrasjon, økonomi, personell og IKT, som vert ytt til dotterselskapa.

Langsiktig gjeld utgjer pr. 31.12. kr 343.157.000. Ansvarlege lån frå eigar Voss herad på kr 130.000.000 er fordelt på Tendranett AS og Voss Energi Produksjon AS med kr 65.000.000 på kvart selskap. Avtale om ansvarleg lån vart fornya pr. 25.09.2023 og gjeld fram til 25.09.2028. Kortsiktig gjeld til selskap i konsernet er kr 9.936.897.

Økonomi konsern

Konsernrekneskapen for 2024 er gjort opp med eit årsresultat etter skatt på kr 30.095.172 mot kr 31.008.603 i 2023. Resultatet før skatt er kr 67.918.352 medan driftsresultatet er kr 103.695.902. Samla driftsinntekter er kr 390.065.515 mot kr 408.830.471 i 2023. Samla avskrivningar er kr 40.720.526 mot kr 36.691.215 i 2023.

Totalkapitalen i konsernet ved utgangen av året er kr 1.118.616.819. Eigenkapitalen er kr 263.705.416 som gir ein eigenkapitalandel på 23,6 %. Likviditeten i konsernet er kr 4.653.223, og likviditetsgrad 1 er 0,76.

Langsiktig gjeld utgjer pr. 31.12. kr 637.477.024, der kr 130.000.000 er ansvarleg lån frå eigar Voss herad. Vilkår for ansvarleg lån frå eigar Voss kommune vart fornya med tilleggsavtale til gjeldande avtale med verknad frå 25.09.2023. Det vart fastsett marknadsbasert fastrente for lånet i 10 år, avdragsfri periode er sett til 5 år og lånet skal deretter nedbetalast over 25 år frå 25.09.2028. Lånet kan likevel ikkje tilbake-

betalast dersom eigenkapitalandelen er under 25 %. Det ansvarlege lånet frå Voss herad er fordelt med kr 65.000.000 i Voss Energi Produksjon AS og 65.000.000 kr i Tendranett AS.

Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om fortsatt drift av selskapet. Styret vurderer selskapet sin økonomi som god og at det er grunnlag for vidare utvikling av selskapet.

Styreansvar

Selskapet har vedteke å teikna styreansvarsforsikring for konsernet og dotterselskapa. Den trer i kraft i mai 2025

Nettverksemd

Tendranett AS er medelt områdekonsesjon og har ansvaret for straumforsyninga innafor Voss herad med unntak av områda som tidlegare var i Granvin herad og Ullensvang herad. Selskapet har 8 transformatorstasjonar, 666 fordelingstransformatorar og totalt 1.734 km linjennett der høgspenningsnettet utgjer 519 km. Talet på sluttbrukarkundar ved årskiftet er 12.832.

Samla kraftomsetnad inklusiv nettap innan forsyningsområdet var 253,0 GWh mot 254,3 GWh i 2023. Samla overført kraftmengde til sluttbrukarar var 235,7 GWh, mot 235,0 GWh i 2023. Innmata produksjon frå småkraftverk i distribusjonsnettet var 162,6 GWh mot 136,4 GWh i 2023. Tapet i nettet var 17,9 GWh mot 19,2 GWh i 2023.

Driftsmessig var 2024 eit år med antal feilsituasjonar og driftsforstyringar i distribusjonsnettet på nivå med tidlegare år, med unntak av i 2023 då deler av Vossebygda vart ramma av store snømengder med temperatur som medførte ising på linjer og trefall i jola. I alt medførte feilsituasjonar og planlagde utkoplingar til kostnader for ikkje levert energi (KILE) totalt kr 1.087.000 for 2024. Til samanlikning var KILE kr 2.684.000 i 2023 og kr. 1.668.000 i 2022. Utvikling i driftsforstyringar vert følgd nøye slik at det kan vurderast og iverksettast tiltak eller om planlagde fornyingar skal omprioriterast.

Viktige driftsoppgåver er årleg linjesynfaring og systematisk skogrydding. Linjesynfaring for å oppdaga feil og avvik slik at desse kan rettast før dei fører til feilsituasjonar, og skogrydding for å halda linjetraséane ryddige og hindra at tre og greiner kjem i kontakt med linjene og medfører driftsforstyringar. Skogrydding vert utført med innleigd skogsentreprenør. Omlegging frå luft- til kabelnett betrar forsyningssikkerheita, og i 2024 vart høgspennings luftnettet redusert med 13 km

og kabelnettet auka med 7 km. Fornyng av elnettet ligg på eit nivå som opprettheld leveringskvaliteten i nettet. Arbeidet med og erstatta den over 90 år gamle linja mellom Evanger og Voss starta opp i 2023 og forsette i 2024. Det vart i 2024 vedteke at ein skal fornya linja mellom Voss og Evanger med kabel. Vi vart ferdig og idriftsette nytt anlegg frå Evanger tr.st til Edal/Steine, frå Eidesmo til Eide og frå Djukastein til Rekve i 2024. Målsettinga er å ferdigstilla heile strekinga 2025. På Bordalen er det sett i drift nytt høgspenningskabel frå Haug/Hellandberget til Rong, og ei gamal roten linje med høg feilfrekvens er fjerna. I lågspenningsnettet er det ein sterk nedgang i tilknytning av solcelleanlegg i høve til dei føregåande åra. Årsaka er nok lågare kraftpris enn i 2022 og 2023.

Saman med Haringnett AS (tidlegare Kvam Energi Nett AS) og Indre Hordaland Kraftnett AS vert det samarbeidd om innkjøp av nytt sams nettinformasjonssystem som skal takast i bruk i 2025.

Selskapet utfører drift og vedlikehald av kommunalt veg- og gateljos.

Kraftsal og marknad

Gjennomsnittleg elspotpris i vårt område var 47,6 øre/kWh mot 76,1 øre/kWh i 2023, med lågaste månadspris i august og høgast i januar. Lågaste vekepris var 4,2 øre/kWh i veke 35, medan høgaste vekepris var 106,2 øre/kWh i veke 2. Til samanlikning er gjennomsnittleg elspotpris første fire månader i 2025 lik 59,0 øre/kWh. Det høge prisnivået i 2022, som kom av internasjonal uro og krigen i Ukraina, og som medførte auke i europeiske energiprisar, har normalisert seg dei siste to åra. Prisen på kraft har kome ned på eit meir normalisert nivå. Vinteren 2024 var noko mildare enn vinteren 2023, men salet av kraft i 2024 vart på om lag same nivå som i 2023, sjølv med ein liten auke i antal kundar.

Selskapet sitt kraftsal føregår i Voss Energi Kraft AS, og skjer med basis i lokalmarknaden. Det er også inngått avtalar om kraftlevering til nokre kundar utafor selskapet sitt forsyningsområde. Selskapet følgjer nøye med i utviklinga i konkurransen i kraftmarknaden og tilpassar seg dei endringar som skjer.

Selskapet tilbyr også sal, montering og vedlikehald av varmepumper. Høgare kraftprisar enn for nokre år sidan har medført at salet av varmepumper auka med 19 % i høve til 2023 og 148 % i høve til 2021.

Kraftproduksjon

Selskapet sin kraftproduksjon føregår i Voss Energi Produksjon AS, som til saman hadde tre kraftverk i drift; Hodnaberg, Rognsfossen og Palmafossen. Hodnaberg kraftverk er magasin kraftverk med Torfinnsvatn som magasin. Her har selskapet felles regulerings- konsesjon med Eviny Fornybar AS (tidlegare BKK Produksjon AS) og tilhøyrande driftssamarbeid. Palmafossen og Rognsfossen kraftverk er elvekraftverk utan mogelegheit for magasinering av vatn.

Produksjonen i Hodnaberg Kraftverk vart 101,3 GWh, magasinfor skjellen gjennom året vart +34 GWh, slik at samla tilsig til Torfinnsvatn vart 135,3 GWh. Samla kraft- produksjon i alle kraftverka var 139,6 GWh mot 116,3 GWh i 2023 som var eit år med lågare tilsig enn normalt, særleg utover hausten. Forventa samla gjennomsnittleg årsproduksjon inklusiv overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn vert om lag 160 GWh.

Selskapet er medeigar i Bulko Kraft AS som står for drift av Bulko kraftverk i Bulkoelvi. Voss Energi sin del i selskapet er 18,8 %. Produksjonen i 2024 vart 7,8 GWh mot 5,8 GWh i 2023, medan gjennomsnittleg årsproduksjon er 7,1 GWh.

Opprusting og utvidinga av nytt Palmafossen kraftverk starta vinteren 2019, og nytt kraftverk vart sett i drift september 2021. Nye Palmafossen kraftverk fekk årsproduksjon i 2024 på 13,4 GWh mot 9,4 GWh i 2023, medan forventa årsproduksjon er 14 GWh.

Arbeidet med overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn er avslutta. Overføringstunnelen var ferdig i 2023. Opprydding både ved inntaket og ved utløpet av tunnelen vart gjort sommar/haust 2024. Tersklar i elva nedanfor utlaupet av Svartavatnet og ned til Songrøvatnet vart også utført sommar/haust 2024. Overføringa er rekna til å gje ein produksjonsauke i Hodnaberg kraftverk på 15 GWh.

Selskapet har konsesjon for bygging av eit mindre småkraftverk i Lussand i Voss herad. Årsproduksjonen er rekna til 4,5 GWh. Det er ikkje gjort vedtak om igangsetting av utbygging, men det vert vurdert å senda søknad om planendring av tiltaket der årsproduksjon vert redusert til 3,5 GWh.

Breiband og fiber

Selskapet si fiber- og breibandverksemd føregår i Voss Fiber AS som tilbyr tenester til både nærings- og privatkundar i Voss. Voss Energi AS sin eigardel i selskapet i 2024 var 80,0 % medan RTI AS eigde resterande 20 %. Frå 14.02.2025 eig Voss Energi AS 100 % av Voss Fiber AS.

Utbygging og vekst i kundemassen har halde fram også i 2023, men redusert i høve til føregåande år. Det har vore fiberutbygging i form av ECOM-prosjekt fleire stader i bygda. Dette er prosjekt som vert bygd med offentleg støtte, særleg retta mot stader der utbyggingskostnad pr. kunde vert svært høg. Opp gjennom åra har det vore fokus på å etablera redundans til alle nodar i fibernettet. På den måten kan ein oppretthalda drift i fibernettet sjølv om det oppstår feil. I tillegg til vekst i kundemassen er drift av eigen internettaksess viktig for selskapet sin kundelojalitet og inntening.

Bioenergi

Selskapet si satsing på bioenergi føregår i Hordaland Bioenergi AS. Hordaland Bioenergi sitt formål er produksjon av bioenergi basert på lokale råvarer,

utbygging og drift av varmesentralar, samt det som naturleg høyrer til dette. Selskapet har fire varme-sentralar i drift; Framnes, Myrkdalen, Skulestad og Gjernesmoen, der sistnemnde forsyner større bygg i Voss sentrum via eit fjernvarmenett. Det vart ikkje kopla fleire kundar til fjern- varmenettet i sentrum i løpet av året, men det er framleis potensiale for vidare utviding ettersom varmeanlegget i Gjernesmoen og fjernvarme-nettet har kapasitet til å forsyne fleire kundar. Det vart kopla til ein ny større kunde første kvartal 2025. Det er potensial for og vert arbeidd med å få kopla til fleire nye private, kommunale og andre offentlege kundar til fjernvarmenettet i sentrum. og til anlegget i Myrkdalen.

Ytre miljø

Produksjon og distribusjon av elektrisk kraft skjer i samsvar med lover, forskrifter og medelte konsesjonar. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø utover det som normalt følgjer av energiverksemd. Voss Energi legg vekt på ta omsyn til miljø og estetikk ved utbygging og drift av elnettet, mellom anna ved at luftlinjer vert lagt i kabel der tilhøve ligg til rette for det i samband med fornying av gamle anlegg og ved nyinvesteringar. Like eins ved produksjonsanlegg, mellom anna ved å overhalda krav til minstevassføring, og freista finna gode løysingar i samband med fornying av gamle anlegg og ved nyinvesteringar.

I februar 2024 fekk selskapet tildelt Samfunnsbedriftene sin bærekraftspris for Palmafossen kraftverk knytt til løysingane for fiskevandring; utforming av laksetrapp for oppvandring av fisk og utforming av inntak slik at smolten ved nedvandring ikkje går i turbinen.

Selskapet har rutiner for handsaming av avfall, og alt avfall vert kjeldesortert før levering til mottak.

Risiko og usikkerheitsfaktorar

Selskapet si tillatte inntekt frå nettverksemda vert fastsett av Reguleringsmyndigheten for energi (RME) gjennom ein inntektsrammemodell der alle nettselskap i landet vert målt mot kvarandre. Endringar i inntektsrammemodellen og inngangsverdiar i denne har, og kan medføre relativt store endringar i tillatt inntekt frå år til år. Ettersom nettselskapet ikkje har nokon dominerande kundar, og i gitte situasjonar har mogelegheit for å stenga straumleveransen, vert kredittrisikoen knytt til nettkundar vurdert til å vera avgrensa.

Selskapet sine inntekter frå kraftproduksjon følgjer av noteringar på den nordiske kraftbørsen, og prisnivået kan endra seg raskt, på både kort og lang sikt. Deler av produksjonsvolumet er prissikra, slik at inntektene frå produksjonsverksemda skal endra seg noko mindre enn endringane på kraftbørsen. 27,3 GWh er prissikra i 2024, mot 35,0 GWh i 2023.

Kraftsal til kundar som inngår fastpriskontraktar vert prissikra samstundes som salet vert gjennomført, slik at risiko for prisendring vert eliminert. Kraftsal til kundar med variabel kraftpris, der prisendring skal varslast med

minst 30 dagars varsel, er utsett for risiko for margintap ved brå og stor prisauke i kraftmarknaden. Det er innført inntaksstopp for nye kundar på denne tariffen. Kraftselskapet har som nettselskapet heller ingen dominerande kundar, og kredittrisikoen vert vurdert som avgrensa.

Fiberkundane kan sei opp avtaleforholdet sitt med relativt kort varsel, men risikoen for dette vert vurdert som avgrensa då fiberen ikkje kan overtakast av annan leverandør. Konkurransen i fibermarknaden er framleis til stades, men Voss Fiber har svært god og aukande marknadsandel.

Basert på avtale med bank om driftskreditt og finansiering, vurderer styret selskapet sin likviditetsrisiko som avgrensa.

Konsernet sine lån er i norske kroner. Med unntak av ansvarleg lån til eigar, er renta på langsiktige lån flytande. Renteauken medfører ikkje alvorlege følgjer for konsernet.

Organisasjon, personale, likestilling, inkludering og mangfald

Ved utgangen av året var det 55 tilsette, av desse er 2 lærlingar i energimontørfaget og 1 lærling i IKT-faget. Antal årsverk i 2024 var totalt 54. Av 55 tilsette er 44 menn og 11 kvinner, og kvinneandelen er 20 % av dei tilsette. Av dei tilsette er 2 mellombels tilsett, baa menn. Vidare er det 3 deltidstilsette, 2 menn og ei kvinne. Med unntak av administrasjon, økonomi, marknad og kundehandsaming er selskapet si verksemd knytt til ein bransje der menn generelt er i overvekt. Selskapet ønskjer auka kvinneandel, men også i skuleverket som danner grunnlaget for rekruttering av nye medarbeidarar, særleg til energimontørfaget er kvinnene få. Selskapet sin lønspolitikk bidreg til at kvinner og menn skal ha like løns- og arbeidsvilkår. Lønnsforskjellar mellom kvinner og menn vert ikkje oppgjeve då selskapet har vurdert at ein fell inn under unntaka for offentleggjering. Det er ikkje nok grunnlag for å rekna ut gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn for 2024. Selskapet har avtale med Kveik AS om reinhald og kantinedrift. Kveik AS er ei arbeid- og inkluderingsverksemd som leverer ulike arbeidsretta tiltak for NAV i regionen. Konsernet si utgreiing etter openheitslova vert nærare omtalt på selskapet sine nettsider.

Helse, miljø og tryggleik

Arbeid med verne- og miljøarbeidet og internkontrollsystem vert ivaretatt med sams internkontrollsystem for alle selskapa i konsernet. Systemet gjev oversikt, betre oppfølging og oppdatering av retningslinjer og rutiner, samt rapportering og oppfølging av avvik. Rapportering av avviksmeldingar held fram, og totalt antal rapporterte avvik i konsernet i 2024 vart 95 mot 96 i 2023. Det er mellom anna gjennomført årleg gjennomgang av driftsforskrifter for teknisk personale og årleg kontroll av løfteutstyr. Lovpålagde kurs og øvingar er gjennomført.

Det er ikkje registrert skadar i 2024 som medførte sjukefråvær, og tilhøyrande skadefråværsfrekvens H1 er såleis 0. Det er heller ikkje registrert skadar utan fråvær. Selskapet er tilknytt bedriftshelseteneste Bedriftshelsel og har avtale med NAV som IA- bedrift. Samla sjukefråvær i konsernet var 1,7 % i 2024 mot 1,8 % i 2023.

Framtidsutsikter

Styret vurderer selskapet sine mogelegheiter for vidare utvikling som gode, men påpeikar at det er viktig å halda rett balanse mellom selskapet sitt behov for kapital til komande investeringar sett i høve til aksje-eigar sitt krav om avkastning. Selskapet har lagt bak seg nokre år med store investeringar, men det er framleis behov for nokre større investeringar dei komande åra. Behovet er knytt til fornying av gammalt linjenett og oppgradering og fornying av apparat- og kontrollanlegg i både nettanlegg og kraftverk. Det vil også vera behov for vidare utbygging av fiber- og fjernvarmenett, men i mindre omfang enn før. Selskapet vil også vurdere

mogelegheiter for auka produksjon av vasskraft, og vil medverka til utvikling av andre fornybare energikjelder. Styret har som målsetting at eigenkapitalandelen til konsernet på sikt må vera over 25 %.

Disponering av overskot

For å sikra eigar jamnare og meir føreseieleg utbytte vart det i samband med fastsettinga av rekneskapen for 2012 vedteke at grunnlaget for utbyttet vert fastsett til 60 % av gjennomsnittet av dei siste fem årsresultat, og dette prinsippet er nytta i alle etterfølgjande år.

Etter ei samla vurdering av selskapet si stilling og i tråd med prinsippet for fastsetting av utbytte, fremmar styret følgjande framlegg til disponering av morselskapet sitt årsresultat på kr 5.899.265:

Overført frå anna eigenkapital:	kr - 15.250.735
<u>Avsett til utbytte:</u>	<u>kr 21.150.000</u>
Sum disponert:	kr 5.899.265

Dokumentet er signert digitalt. Sjå side 24.

Atle Neteland
Styreleiar

Björg Djukastein
Nestleiar

Unn Fauskanger
Styremedlem

Thomas Hårklau
Styremedlem

Morten Helgaset
Styremedlem tilsette

Dag Arild Jensen
Styremedlem tilsette

Rune Nesheim
adm. direktør



Foto: Sverre Hjørnevik

KONSERNREKNESKAP OG SELSKAPSREKNESKAP

Morselskap				Konsern	
2023	2024	NOTE	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR	2024	2023
0	0	3,7	Kraftsal	90 548 310	129 777 850
0	0	3,4,7	Kraftproduksjon	85 380 672	91 837 974
0	0	3,5,7	Nettleige	135 935 538	113 542 779
0	0	5,6	Flaskehalsinntekter	3 806 462	11 158 571
0	0	3	Inntekt televerksemd	53 458 829	49 866 453
11 817 711	12 839 896	3	Anna driftsinntekt	20 935 704	12 646 844
11 817 711	12 839 896		Sum driftsinntekter	390 065 515	408 830 471
0	0		Aktivisering egne investeringsarbeid	-7 229 995	-5 764 158
0	0		Kraftkjøp	87 919 438	131 806 642
0	0		Overføringskostnader	21 338 424	6 671 355
0	0		Andre varekostnader	25 509 870	21 955 664
4 178 656	4 830 889	8,15	Lønskostnader	59 208 578	55 593 597
581 780	690 977	11	Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	40 720 526	36 691 215
6 712 326	6 946 486	8,9	Annan driftskostnad	58 902 772	65 194 155
11 472 762	12 468 353		Sum driftskostnader	286 369 613	312 148 470
344 949	371 543		Driftsresultat	103 695 902	96 682 001
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADAR					
20 250 000	20 000 000	14	Inntekt på investering i dotterselskap	0	0
0	0	14	Inntekt på investering i tilknytt selskap	0	-1 500 000
6 831 172	6 487 396		Renteinntekt fra foretak i samme konsern	0	0
4 896 955	1 397 999		Renteinntektar	2 412 696	8 012 059
20 262	19 569		Anna finansinntekt	293 673	314 704
15 208 187	20 281 322	21	Rentekostnad	38 480 553	33 024 287
2 355 435	445 859		Rentekostnad til foretak i samme konsern	0	0
0	0		Annan finanskostnad	3 366	27 846
14 434 767	7 177 783		Netto finansresultat	-35 777 550	-26 225 372
14 779 716	7 549 328		Årsresultat før skattekostnad	67 918 352	70 456 629
572 553	1 650 063	10	Skattekostnad	37 823 180	39 448 026
14 207 163	5 899 265		Resultat i året	30 095 172	31 008 603
Minoriteten sin andel av årsresultatet				-73 238	434 417
Majoriteten sin andel av årsresultatet				30 168 410	30 574 186
OVERFØRINGAR					
-4 292 837	-15 250 735		Overført frå (-) / til annan eigenkapital		
18 500 000	21 150 000		Foreslått utbyte		
14 207 163	5 899 265		Sum overføringar		

BALANSE PER 31. DESEMBER

Morselskap				Konsern	
2023	2024	NOTE	EIGEDLAR	2024	2023
			Anleggsmidler		
			Immaterielle egedelar		
76 414	36 013	10	Utsett skattefordel	0	0
76 414	36 013		Sum immaterielle egedelar	0	0
			Varige driftsmidler		
			Kraftverk, fordelingsnett, bygninger og annan fast egedom	927 731 373	900 032 103
0	0		Transportmidlar, maskiner, inventar	55 380 913	56 796 141
1 836 339	1 640 002		Anlegg i arbeid	1 451 109	1 246 624
0	0		Sum varige driftsmidler	984 563 395	958 074 868
			Finansielle anleggsmidler		
377 490 674	377 490 674	14	Investering i dotterselskap	0	0
74 000 000	25 000 000		Lån til foretak i same konsern	0	0
1 500 000	1 500 000	14	Investeringar i tilknytta selskap	0	0
2 000 000	2 000 000		Lån til tilknytta selskap	2 000 000	2 000 000
3 450 000	3 450 000		Investeringar i aksjar og andelar	3 889 042	3 889 042
3 308 938	3 516 694	15	Netto pensjonsmidlar kollektiv ordning	9 933 153	10 276 744
353 981	421 423		Andre fordringar	4 437 569	4 141 795
462 103 593	413 378 791		Sum finansielle anleggsmidler	20 259 764	20 307 581
464 016 346	415 054 806		Sum anleggsmidler	1 004 823 159	978 382 449
			Omlaupsmidlar		
0	0	16	Lagerbeholdning	6 952 327	6 686 588
			Fordringar		
94 879 487	153 714 796		Fordring på konsenselskap	0	0
12 305 124	13 528 081		Kundefordringar	96 555 576	119 737 463
4 035	2 898		Andre fordringar	5 632 534	13 565 724
107 188 646	167 245 775		Sum fordringar	102 188 110	133 303 187
209 205	217 758	18	Bankinnskot, kontantar, o.l.	4 653 223	4 606 069
107 397 851	167 463 533		Sum omlaupsmidlar	113 793 660	144 595 844
571 414 197	582 518 339		SUM EIGEDLAR	1 118 616 819	1 122 978 293

Morselskap			Konsern		
2023	2024	NOTE	EIGENKAPITAL OG GJELD	2024	2023
			Eigenkapital		
			Innskoten eigenkapital		
59 000 000	59 000 000	19	Aksjekapital (1.000.000 aksjar à kr 59)	59 000 000	59 000 000
91 953 702	91 953 702		Overkurs	91 953 702	91 953 702
150 953 703	150 953 703		Sum innskoten eigenkapital	150 953 702	150 953 702
			Opptent eigenkapital		
40 584 478	25 333 741		Annan eigenkapital	104 427 047	95 408 627
40 584 478	25 333 741		Sum opptent eigenkapital	104 427 047	95 408 627
			Minoritetsinteresser	8 324 667	8 397 906
191 538 180	176 287 444	20	Sum eigenkapital	263 705 416	254 760 235
			Gjeld		
			Avsetnad for forpliktingar		
0	0	10	Utsett skatt	68 525 134	54 691 795
0	0		Sum avsetnad for forpliktingar	68 525 134	54 691 795
			Anna langsiktig gjeld		
303 338 000	343 157 000	23	Gjeld til kredittinstitusjonar	504 650 129	472 596 736
0	0	17,21	Ansvarleg lån	130 000 000	130 000 000
0	0	13	Forskotsleige Hodnaberg	2 826 895	3 400 895
303 338 000	343 157 000		Sum anna langsiktig gjeld	637 477 024	605 997 631
			Kortsiktig gjeld		
10 201 640	13 156 596		Gjeld til kredittinstitusjonar	13 156 596	10 201 640
0	0	5	Akkumulert meirinntekt	8 555 819	30 986 819
1 192 567	815 804		Leverandørgjeld	22 935 877	51 578 657
963 525	1 609 662	10	Betalbar skatt	23 311 999	16 603 702
14 027 909	11 564 336		Skuldige offentlege avgifter	31 420 822	34 291 776
27 096 984	9 936 897		Gjeld til selskap i same konsern	0	0
18 500 000	21 150 000		Foreslått utbyte	21 150 000	18 500 000
4 555 393	4 840 601		Anna kortsiktig gjeld	28 378 128	45 366 038
76 538 018	63 073 896		Sum kortsiktig gjeld	148 909 241	207 528 632
379 876 017	406 230 896		Sum gjeld	854 911 399	868 218 058
571 414 197	582 518 339		SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 118 616 819	1 122 978 293

Dokumentet er signert digitalt. Sjå side 24.

Atle Neteland
Styreleiar

Björg Djukastein
Nestleiar

Unn Fauskanger
Styremedlem

Thomas Hårklau
Styremedlem

Morten Helgaset
Styremedlem tilsette

Dag Arild Jensen
Styremedlem tilsette

Rune Nesheim
adm. direktør

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Morselskap			Konsern	
2023	2024	KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:	2024	2023
14 779 717	7 549 328	Årsresultat før skattekostnad	67 918 352	70 456 629
-250 000	0	Inntekt på investering i dotterselskap utan kontanteffekt	0	0
-3 261 713	-963 525	Betalt skatt i perioden	-16 604 702	-100 047 207
581 780	690 977	Ordinære avskrivningar	40 720 526	36 691 215
0	0	Resultat frå tilknytt selskap utan kontanteffekt	0	1 500 000
0	0	Postar klassifisert som investerings- eller finansieringsakt.	0	0
-1 683 060	-207 756	Endring pensjon	343 591	-6 160 880
0	0	Endring i varer	-265 739	-1 588 944
-1 615 124	-1 222 957	Endring i kundefordringer	23 181 887	64 850 422
-3 497 657	-376 763	Endring i leverandørgjeld	-28 642 780	15 560 624
-24 000 000	49 000 000	Endring i konsernmellomværende	0	0
0	0	Endring i meir-/mindreinntekt	-22 431 000	1 989 549
-24 536 012	-75 285 110	Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	-13 392 277	-37 340 387
-43 482 069	-20 815 806	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	50 827 858	45 911 022
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
-931 093	-494 640	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidlar	-67 289 053	-102 663 873
-4 500 000	0	Utbetalinger ved kjøp av finansielle anleggsmidlar	0	-4 500 000
-2 000 000	0	Endring i andre finansielle anleggsmidlar	0	0
-7 431 093	-494 640	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-67 289 053	-107 163 873
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:		
-12 908 000	39 819 000	Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	0
0	0	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	32 053 393	-12 623 080
0	0	Netto endring i kassekreditt	2 954 956	10 201 640
-15 400 000	-18 500 000	Utbetalinger av utbytte	-18 500 000	-15 400 000
-28 308 000	21 319 000	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	16 508 349	-17 821 440
-79 221 162	8 554	Netto endring i bankinnskott, kontantar og liknande	47 154	-79 074 292
0	0	Tilgong kontantar ved kjøp av dotterselskap	0	0
79 430 369	209 205	Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande pr. 1.1.	4 606 069	83 680 361
209 208	217 757	Behaldning av bankinnskott, kontantar og liknande pr. 31.12.	4 653 223	4 606 069

Note 1 Om konsernet

Konsernrekneskapen omfattar Voss Energi AS med fylgjande dotterselskap:

Namn på selskapet	Eigar/stemmeandel	Etablert ved	Tidspunkt for konsernetablering
Tendranett AS	100 %	Nystifting	19.04.2017
Voss Energi Produksjon AS	100 %	Konsernfusjon	01.01.2017
Voss Energi Kraft AS	100 %	Nystifting	20.03.2017
Voss Fiber AS	80 %	Oppkjøp	01.07.2015
Hordaland Bioenergi AS	100 %	Oppkjøp	30.06.2021

Note 2 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Voss Energi AS med dotterselskap der Voss Energi AS har bestemmende innverknad som følgje av juridisk eller faktisk kontroll. Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskap som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomværande mellom selskap i konsernet vert eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innverknad (tilknytt selskap), vert handsama etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innverknad føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

Aksjar i dotterselskap vert eliminert i konsernrekneskapen etter kjøpsmetoden. Dette inneber at det oppkjøpte selskapet sine eigedelar og gjeld vert vurdert til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet, og eventuell meirpris ut over dette vert klassifisert som goodwill. For deleigde dotterselskap er kun Voss Energi sin andel av goodwill inkludert i balansen.

Overføringsinntekter

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlinka med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i høve til mengda leveringsavbrot gjennom året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal renteberekna med rentesats fastsett av NVE og tilbakeførast til kundane. Mindreinntekt kan tilsvarende renteberekna og krevjast inn frå kundane.

Andre inntekter

Andre inntekter vert rekneskapsført når dei er opptent, altså når både risiko og kontroll er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfelle når vara eller tenesta er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Anleggstilskot

Anleggstilskot til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdiar.

Kostnader

Kostnader vert som hovudregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønsmessige kriterier. Andre unntak frå samanstillingsprinsippet er gitt der det er aktuelt.

Vedlikehaldskostnader

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening vert balanseført.

Høypriksbidrag

Fra og med 28.09.2022 ble det innført høypriksbidrag på kraftverk med påstempla merkeytelse over 10.000 kVA. Hodnaberg fell i denne kategorien. Høypriksbidraget blir berekna som 23% av kraftpris som overstig 70 øre/kWh. Øvrige kraftverk vart omfatta av regelverket frå 2023. Skatt på høypriksbidraget er klassifisert som driftskostnader i resultatrekneskapen. Høypriksbidrag vart avvikla med virkning frå 1.oktober 2023.

Skattar

Kraftnæringa er underlagt fire ulike skattearter. Desse er vanleg skatt på overskot, eigedomsskatt basert på særskilde takseringsprinsipp for kraftverk, grunnrenteskatt og naturressursskatt. Eigedomsskatt er, i samsvar med vanleg standard, klassifisert som driftskostnad i resultatrekneskapen.

Overskotsskatt

Skatt på overskot vert stilt saman med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar, til dømes konsernbidrag, vert ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden inneheld betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Note 2 Rekneskapsprinsipp held fram

Naturressursskatt

Kraftproduksjon som har generator med samla merkeyting på over 10.000 kVA er pålagt naturressursskatt med 1,1 øre pr. kWh til kommunen og 0,2 øre til fylket, totalt 1,3 øre pr. kWh. Grunnlaget for naturressursskatten er gjennomsnittleg kraftproduksjon dei siste 7 åra.

Naturressursskatten vert samordna med overskotsskatten slik at naturressursskatt som overstig overskotsskatten er ein forskotssbetalt skatt som vert framført med rentegodtgjersle. I den grad naturressursskatten fullt ut vert motrekna, representerer den ingen kostnad. Voss Energi eig ein kraftstasjon som kjem under denne regelen pr. i dag.

Grunnrenteskatt

Grunnrenteskatt er pålagt kraftverk, som har generator med samla merkeyting på over 10.000 kVA. Dette er ein skatt som kjem i tillegg til alminneleg skatt på overskot. Grunnrenteskatten utgjør 57,7% av netto grunnrenteinntekt ved det einskilde kraftverket. Voss Energi har eit kraftverk som kjem under denne regelen for dette rekneskapsåret.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar er verdsett til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er verdsett til kostpris, men vert nedskrivne til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi, og verdifallet ikkje er venta og vere av forbigåande art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid er avskrivne planmessig.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som er anskaffa einskilde, er balanseført til kostpris. Immaterielle eigedelar overteke ved kjøp av verksemd, er balanseført til kostpris når kriteriane for balanseføring er oppfylt.

Immaterielle eigedelar med begrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Immaterielle eigedelar vert nedskrivne til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekkjer balanseført verdi og eventuelle attståande tilverksutgifter.

Aktiverte renter

Byggjelånsrenter som knyter seg til anlegg under oppføring, er balanseført som ein del av kostprisen.

Sikring

Konsernet nyttar prissikring for delar av kraftproduksjonen. I rekneskapsåret vert gevinst og tap resultatført i same periode.

Aksjar og andelar i tilknytta selskap og dotterselskap

Investeringar i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande og det må ansjåast naudsynt etter god rekneskapskikk. Motteke utbyte og konsernbidrag frå dotterselskapa vert inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investeringar i tilknytta selskap.

Andre aksjar og andelar klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar i selskap der selskapet ikkje har betydeleg påverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil sei at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planens oppteningsformel. Allokeringemetode tilsvarar planens oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening brukt. Selskapet har også usikra pensjonsordning i form av tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnadar blir amortisert over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Verknaden av planendringar med tilbakeverkande kraft som ikkje er betinga av framtidig tilsetjing, vert innrekna i resultatrekneskapsomgåande. Planendringar med attendeverkande kraft som er betinga av framtidig tilsetjing, vert fordelt lineært over tida fram til ytinga ikkje lenger er betinga av framtidig tilsetjing.

Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktinga og verdien av pensjonsmidlar som er avsett for betaling av ytingane. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi. Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlar vert gjennomført på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala, og er berekna av netto faktisk underfinansiering. AFP-forpliktingar innanfor LO/NHO-ordninga er ei ytelsesbasert fleiforetaksordning, men som blir rekneskapsført som ei innskuddsbasert ordning då den ikkje er målbar.

Note 2 Rekneskapsprinsipp held fram

Eigenkapitalandel KLP
